

VEDTEKTER FOR FINNÅS KRAFTLAG SA

Vedtekne på omframpt parteigarmøte 22.09.2010

§ 1 **Namn**

Føretaket sitt namn er Finnås Kraftlag SA

§ 2 **Føremål**

Finnås Kraftlag er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet,
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi,
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,
- eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyser, og
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,
- delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og
- yta gaver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

§ 3 **Forretningskontor**

Finnås Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Bømlo kommune.

§ 4 **Medlemsskap**

4.1 Generelt

Medlemskapen skal lyda på namn og fødselsdato eller føretaksnummer.

4.2 Medlem kan vera

Personar som er folkeregisterførte i Finnås Kraftlag sitt konsesjonsområde og alle organisasjonar/verksemdar som kjøper varer eller tenester frå laget.

For eigarar av partar som er erverva før 01.10.2010, gjeld ikkje kravet om å vera folkeregisterført i konsesjonsområdet.

4.3 Sams medlemsskap

To eller fleire personar kan ha ein medlemsskap saman, jf. Samvirkelova § 19. Dei må i så fall oppnemna ein av dei til å opptre overfor kraftlaget.

Når fleire personar har ein medlemsskap saman, skal alle først inn i medlemsregisteret. Det skal gå fram at kvar av dei har medlemsskapen saman med andre.

4.4 Når medlemsskap tar til å gjelda

Medlem som tilfredsstillar vilkåra i § 4.2, vert medlem frå det tidspunktet medlemsinnskotet er innbetalt.

4.5 Tvist om retten til å verta medlem

Styret avgjer tvistar om rett til å verta godkjend som medlem i laget.

4.6 Utmelding

Utmelding av laget kan berre skje skriftleg.

4.7 Opphøyr av medlemskap

Dersom ein medlem seier opp medlemskapen, døyr eller ikkje lenger stettar krava i § 4.2, opphøyrer medlemskapen og medlemsinnskottet vert innløyst.

4.8 Økonomiske konsekvensar av utmelding eller opphøyr av medlemskapen

Ved utmelding og innløyasing kan ikkje medlemene krevja etterbetaling (kjøpsutbyte), del i etterbetalingsfond eller renter på medlemsinnskott i året for utmelding eller opphøyr av medlemskapen.

§ 5 Medlemsinnskott

Medlemsinnskottet i Finnås Kraftlag SA er kr. 300,-.

§ 6 Overføring av medlemskap

Medlemsskap i laget er personleg og kan ikkje omsetjast eller på andre måtar overførast til andre. Dette gjeld likevel ikkje dersom ein medlem ønskjer å dela medlemsskapet med ein eller fleire personar, jf. § 4.3. Det gjeld heller ikkje dersom to eller fleire personar som har felles medlemsskap, ønskjer å overføra denne på ein av dei.

Overtaking av medlemskap i uskift bu vert ikkje rekna som overføring.

§ 7 Årsmøte

7.1 Ordinært årsmøte

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 30. juni.

7.2 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom

- styret finn det nødvendig eller tenleg, eller
- revisor eller minst ein tidel av medlemene set fram skriftleg krav om slikt møte.

Årsmøte skal då innkallast innan ein månad etter at kravet er sett fram.

7.3 Innkalling til årsmøte

Ordinært årsmøte skal innkallast i samsvar med §§ 44-47 i Lov om samvirkeforetak. Innkallingsfristen skal vera minst ei veke.

Ekstraordinært årsmøte skal innkallast på same måten som ordinære årsmøte.

Innkallinga skal klårt syna kva saker årsmøtet skal handsama.

7.4 Årsmøtet sitt tilsynsansvar

Ordinært årsmøte skal sjå til at drifta av kraftlaget skjer i samsvar med lov, vedtekter og tidlegare årsmøtevedtak.

7.5 Andre oppgåver for årsmøtet

Ordinært årsmøte har desse oppgåvene:

- a) Godkjenna årsrekneskap og årsmelding, her medrekna disponering av årsoverskot eller dekking av eventuelt underskot.

Det kan ikkje gjerast vedtak om å avsetja meir til etterbetaling/etterbetalingsfond/forrenting eller gåver til allmennyttige føremål enn det som styret kjem med framlegg om.

- b) Velja styremedlemer, varamedlemer til styret og styreleiar, velja medlemer til valnemnda og fastsetja godtgjersle til styret og valnemnda.
- c) Tilsetja revisor og fastsetja godtgjersle for denne.
- d) Gjera vedtak i andre saker som styret legg fram for årsmøtet. Framlegg frå andre enn styret må vera innkomne til styret seinast 1. januar i det året årsmøtet skal haldast.

7.6 Sakshandsaminga på årsmøte

Styret skal på førehand velja møteleiar. Vedkomande treng ikkje vera medlem eller utsending.

Vedtak på årsmøte krev fleirtal av dei avgjevne røystene, dersom anna ikkje er fastsett i lov.

Dersom ingen av dei framlegga det vert røysta over oppnår meir enn halvdelen av dei avgjevne røystene, skal det gjennomførast ny avrøysting mellom dei to framlegga som har fått flest røyster. Dersom røystetalet då står likt, er det framlegget som møteleiaren sluttar seg til å sjå på som vedteke.

Alle medlemene har rett til å møta på årsmøtet, og kvar medlem har ei røyst. Ein medlem kan vera representert ved fullmektig etter eige val, men ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem. Dersom fullmektigen sjølv er medlem, kan vedkomande røysta for både seg sjølv og fullmaktsgjevaren.

Ingen kan på årsmøtet ha meir enn to røyster.

7.7 Møtebok

Det skal førast møtebok frå årsmøta. På kvart årsmøte skal to av dei framømte medlemene veljast til å skriva under møteboka saman med møteleiaren.

§ 8 Styre

8.1 Samansetnad og val av styre

Finnås Kraftlag SA skal ha eit styre med sju medlemer og fire varamedlemer.

Årsmøtet vel seks styremedlemer og tre varamedlemer i rekkje. Ein styremedlem med personleg varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i kraftlaget.

Funksjonstida er to år, likevel slik at tre av dei årsmøtevalde styremedlemene er på val kvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne, vert tre av medlemene valde for to år og tre for eitt år. Dei årsmøtevalde varamedlemene vert valde for eitt år om gongen.

Dersom det ved valet ligg føre framlegg om fleire kandidatar enn kva som skal veljast, skal valet vera skriftleg.

Dersom ingen får meir enn halvdel av dei avgjevne røystene ved første valomgang, skal det haldast omval mellom dei to som har fått flest røyster. Dersom dei to kandidatane då får like mange røyster, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

I samsvar med § 69 nr. 3 i Samvirkelova skal styret setjast saman slik at kvart kjønn skal vera representert med minst tre medlemer.

Årsmøtet vel styreleiar for eitt år om gongen mellom dei seks medlemsvalde styremedlemene.

Bømlo kommune kan utpeika ein observatør til styret med personleg varamedlem. Kommunen sin observatør har tale- og framleggsrett i styret.

8.2 Styret sine gjeremål.

Styret sine gjeremål er m.a.

- å leia laget i samsvar med vedtektene og vedtak på årsmøtet,
- tilsetja, suspendera, seia opp eller avsetja dagleg leiar, og å fastsetja løn og instruks for vedkomande,
- forvalta og syta for forsvarleg organisering av verksemda i samsvar med Samvirkelova § 76, nr. 1,
- vedta planar, budsjett og retningslinjer for verksemda i samsvar med § 76, nr. 2,
- halda seg orientert om økonomien og sjå til at verksemda, rekneskap og formuesforvaltinga er underlagd tilfredsstillande kontroll, jf. Samvirkelova § 76, nr. 3,
- setja i verk dei undersøkingar dei finn nødvendige for å kunna utføra oppgåvene sine, jf. § 76, nr. 4,
- fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Styret skal kvart år, seinast ei veke før årsmøtet, leggja fram årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding til gjennomsyn for medlemene.

Rekneskapan skal følgja kalenderåret og vera i samsvar med god rekneskapskikk.

8.3 Møtebok

Det skal først møtebok over styresakene. Møteboka skal som minimum opplysa om tid og stad, deltakarane, behandlingsmåten og styrevedtaka. Det skal gå fram at saksbehandlinga oppfyller krava i Samvirkelova § 86.

Møteboka skal leggjast fram i samband med årsmøtet.

8.4 Underskrifter og prokura

To styremedlemer saman bind selskapet med underskriftene sine. Styret kan gje prokura.

§ 9 Valnemnd

Kraftlaget skal ha ei valnemnd med fem medlemer.

Medlemene i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne vert to av medlemene valde for eitt år. Årsmøtet vel leiar.

Valnemnda skal leggja fram for årsmøtet framlegg til styremedlemer, varamedlemer og styreleiar.

Valnemnda si innstilling skal vera skriftleg, og skal kunngjerast saman med innkalling til ordinært årsmøte.

Årsmøtet skal, etter framlegg frå styret, vedta retningslinjer for arbeidet i valnemnda.

§ 10 Bruk av årsoverskot

Styret kan leggja fram forslag om at inntil 35% av årsoverskotet skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbytte).

Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forrenting at Samvirkelova sine krav om eigenkapital er oppfylte.

§ 11 Etterbetaling, etterbetalingsfond, forrenting og medlemskonti

11.1 Etterbetaling

Etter vedtak på årsmøte kan det gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemene i kraftlaget på grunnlaget av kjøp av tenester frå laget.

11.2 Etterbetalingsfond

Årsmøtet kan gjera vedtak om at det kan etablerast eit etterbetalingsfond.

11.3 Renter av medlemsinnskott

Det kan godskrivas renter av medlemsinnskotta. Rentesatsen skal fastsetjast av årsmøtet.

11.4 Medlemskapitalkonti

Styret kan gjera vedtak om at det skal etablerast medlemskapitalkonti i samsvar med § 29 i Samvirkelova.

§ 12 Vedtektsendringar

12.1 Vedtektsendringar

Årsmøtet kan med to tredelars fleirtal av dei avgjevne røystene gjera vedtak om å endra vedtektene. For å vera gyldige må vedtektsendringar vedtakast av to årsmøte som også kan vera ekstraordinære årsmøte.

12.2 Vesentlege vedtektsendringar

Vedtektsendringar som inneber

- vesentlege endringar av føremålsparagrafen,
- meir tyngjande hefteregjar for medlemmane,
- skjerpning av plikta til å gjera innskot i føretaket,
- innføring av omsetnadsplikt med føretaket eller vesentleg skjerpning av slik plikt, eller
- avgrensing av retten til å gå ut av føretaket

krev tilslutnad frå minst fire femdelar av dei avgjevne røystene (Samvirkelova § 54, nr. 2) på to etterfølgjande ordinære årsmøte.

§ 13 Oppløysing

Laget kan oppløysast gjennom vedtak med fire femdelars fleirtal på to etterfølgjande ordinære årsmøte.

Dersom det vert gjort vedtak om å oppløysa laget, vert all overskytande kapital – etter at medlemskapitalkonti er oppgjorde – overført til ein allmenntilleg stiftelse. Stiftelsen skal opprettast i samsvar med Stiftelseslova, og ha som føremål å fremja allmenntilleg tiltak i konsesjonsområdet.

Vedtekter for stiftelsen skal fastsetjast av årsmøte i Finnås Kraftlag SA.

§ 14 Overgangsreglar

I tilknytning til vedtak om endring av vedtekter skal det gjennomførast ein fondsemisjon. Emisjonen vert gjennomført ved at dei tidlegare partane i Finnås Kraftlag vert oppskrivne tilsvarende ei årleg forrenting på 4,35% frå kjøpstidspunkt og fram til 31.12.2010.

Frå den summen dei tidlegare parteigarane på denne måten får til gode, skal det setjast til side kr. 300,- som skal reknast som medlemsinnskot. Resten av summen skal utbetalast til dei tidlegare parteigarane.

Parteigarar som ikkje får godskrive kr. 300,- må betala inn det som manglar som medlemspengar.

Utover dette gjeld Lov om samvirkeføretak (Samvirkelova) LOV-2007-06-29-81